

## I varmaste laget for jakta

12.09.2008

**Hjortejakta starta onsdag og jegarane i Uskedalen har skote dei første av dei 125 dyra dei har rett på. Men førebels er ikkje utbyttet så veldig stort, fordi det har vore i varmaste laget. Hjorten går høgt i lendet.**

- Og vi ønskjer noko kaldare ver også med tanke på kjøtet, seier Svein Ottar Rørheim i jaktvaldet Kjærland/Myklebust/Ytre Rød. Dei har rett på å fella 25 dyr dette året etter ein auke frå 18 i fjor. Men frå talet må det trekkjast fire som Hans Reidar Kjærland sjølv leigar ut.

- Så langt har vi skote to kalvar og ei kolle og vi gjorde det torsdag morgon, fortel Rørheim. Han har elles høyrte at det er skote fire dyr på den andre sida av elva – på valdet Døssland/Øvre Feet.

Ellers vil jegarane koma med ei varsam oppmoding gjennom uskedalen.no til turgåarane no i jakt-tida. Det vil vera ein stor fordel om dei konsentrerar trimturane sine på skogsvegane mest mogeleg til dagtid, for jegarane sit gjerne på post og ventar på hjorten tidleg om morgonen og seint om kvelden.

Av Ola Matti Mathisen